

Fra: Torgeir Byggland[torgeirbyggland@gmail.com]
Sendt: 04.05.2026 20:48:24
Til: Postmottak Vinje[postmottak@vinje.kommune.no]
Tittel: Klage på avslag

Eg legg ved mailen me sendte dykk tidlegare.

Ser ikkje helt argumentet dykk kjem med, når regelverket uansett er det samme for kven som eig det. Eg meiner også at den som bur nær strandsona og ser ned på strandsona kvar dag, lettare vil holde det i orden og fri for søppel.
Derfor klagar eg på avslaget dykk har gjedd oss.

Eg inviterer planutvalget i Vinje kommune opp på synfaring, om dykk ser på det som hensiktsmessig.

Mvh
Torgeir Lid Byggland

Eg søker med dette om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 for overføring av eit mindre areal frå gnr. 118 bnr.4 til eigedom gnr. 118 bnr. 61. Det omsøkte arealet ligg innanfor 100-metersbeltet langs vassdraget og om lag 20 meter frå eksisterande bustad.

Føremålet med tiltaket er ei grensejustering/arealoverføring for å bringe eigdomsforholda i samsvar med faktisk bruk og situasjon på staden.

Grunngjeving etter plan- og bygningslova § 19-2

Etter § 19-2 kan kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå ikkje blir vesentleg tilsidesette, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

1. Omsyna bak strandsonevernet blir ikkje vesentleg tilsidesette

Tiltaket medfører ikkje nye inngrep i strandsona. Det skal ikkje gjennomførast terrengendringar, bygging eller andre fysiske tiltak.

Området mellom huset og vasskanten består av våt og mjuk strandsona med siv og gjørme. Dette gjer at området verken er eigna eller blir brukt som ferdselsområde for allmenta. Det er ikkje naturlege ferdselsliner over arealet.

Ei arealoverføring vil difor ikkje endre den reelle tilgangen for allmenta, og tiltaket vil ikkje påverke naturkvalitetar, landskapsverdiar eller friluftssinteresser.

Strandsona framstår allereie som ein del av eksisterande bustadeigedom på grunn av bygningen si plassering nær vasskanten. Den omsøkte grensejusteringa vil ikkje føre til ytterlegare privatisering i praktisk eller visuell forstand.

2. Fordelane er klart større enn ulempene

Fordelane ved dispensasjon er:

- Klårare og meir føremålstenlege eigedomsgrenser
- Samsvar mellom faktisk bruk og formell eigedomsstruktur
- Ei ryddig og oversiktleg eigedomsavklaring

Ulempene blir vurderte som minimale, då:

- Ingen nye tiltak eller inngrep skal gjennomførast
- Allmenta ikkje mister reell tilgang
- Natur og landskap ikkje blir påverka

Avslutning

Eg har full forståing for det strenge vernet av strandsona og støttar intensjonen om å ta vare på natur og allmenta sine interesser. Denne søknaden gjeld utelukkande ei formell grensejustering utan inngrep i natur eller terreng.

Med helsing

Ine Dyrdal

Tlf: 94876391